

# SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Rannfrid Stubhaug Braut  
 Arkivsaksnr.: 17/1078 - 20

Arkiv: L13

## Planlagt behandling:


Hovudutval for lokal utvikling  
 Kommunestyret

# PLANID 1820 - REGULERINGSPLAN (DETALJ) - RUNDKØYRING SOLAVEGEN – JÆRHAGEN

2. gongs behandling

## Saka gjeld

Bakgrunnen for planarbeidet er eit rekkefølgekrav i detaljreguleringsplan for Kleppe nord, planid 1720. Før nytt kjøpesenter kan takast i bruk må tiltak omtalt i detaljplanen som gjeld Solavegen vere ferdigstilt. Planforslaget er i tråd med overordna planar og medfører ei beskjeden utviding av Solavegen. Utvidinga vil auke regulariteten/kapasiteten i rundkøyringa og vil hindre oppstuing av bilar som skal til Jærhagen.



Forslag til plankart

Planprosess og medverknad

Tidlegare behandlingar

Hovudutval for lokal utvikling vedtok samrøystes i møte den 24.10.2017, sak 82/17:

Hovudutval for lokal utvikling vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 å leggja forslag til reguleringsplan for Rundkjøring Solavegen - Jærhagen, med tilhøyrande bestemmelsar og planbeskrivelse, alle datert 14.09.17, ut til offentleg ettersyn.

## **Utlegging til offentlig ettersyn**

Reguleringsplanen med bestemmelsar og planomtale var lagt ut til offentlig ettersyn i tida 03.11. til 21.12.2017. Offentleg ettersyn vart varsla i annonse i Jærbladet 03.11.2017, i brev til offentlege instansar, grunneigarar og naboar, datert 03.11.2017 og publisert på kommunen si nettside.

## **Innkome merknader**

Det kom inn 4 merknader til planforslaget.

**Rogaland fylkeskommune** i brev datert 24.11.2017 og **Fylkesmannen i Rogaland** i brev datert 13.12.2017 har ingen merknader til planforslaget.

**Klepp energi** skriv i brev datert 04.11.2017 at dei har ein høgspent- og fibertrase som kryssar Kleppelundsvegen langs vestsida av den utvida rundkøytinga, og at omlegging/flytting av dette må kostast av utbyggjar.

*Kommentar:* Merknaden er teke til orientering.

**Statens vegvesen** gjer i brev datert 19.12.2017 merksam på at etablering av gangfelt krev behandling og vedtak etter skiltforskriftene og må framkome på skiltplan. Vidare må nødvendig overgangsstrekning slik at g/s-veg og fortau på søraustsida av Solavegen heng saman, framkome i tekniske planar. Forstøtningsmurar er omfatta av byggegrensa og dersom desse ikkje er vist i planen vil eigen søknad vere påkravd, og må kome fram i tekniske planar.

*Kommentar:* Uttalen er teke til orientering.

## **Utbyggingsavtale**

I samsvar med Plan- og bygningsloven § 17-4 skal det forhandlast med Jærhagen AS om utbyggingsavtale. Forslag til utbyggingsavtale bli lagt fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

## **Omtale av planforslaget**

Planforslaget er nærare utgreidd i saksframlegget til 1. gongs behandling i hovudutval for lokal utvikling i møte den 24.10.2017, sak 82/17 (vedlagt). Plantema som blei utgreidd til 1. gongs behandling blir ikkje gjenteke her. I saksbehandlinga til 2. gongs behandling skal vi berre vurdere innspel frå offentlig ettersyn og eventuelle endringar av planforslaget som følgje av merknadene. Planforslaget er ikkje endra etter 1. gongs behandling.

## **Endringar i forkant av 2. gongs behandling**

Det er ikkje gjort endringar i plandokumenta.

## **Konsekvensar for kommunen**

Rekkefølgekravet for utviding av Jærhagen, i detaljreguleringsplan for Kleppe nord planid 1720, krev i utgangspunktet ikkje kommunalt engasjement.

## **Konklusjon**

Planforslaget viser utbetringar som er rekkefølgekrav for utviding av Jærhagen og medfører i hovudsak etablering av eit ekstra felt inn mot rundkøytinga frå vest som hindrar oppstuing av bilar til Jærhagen.

Planforslaget legg også opp til fotgjengarkryssing i Solavegen aust for rundkøytinga og sykkelveg og fortau på vestsida av Kleppelundsvegen. Denne tilrettelegginga er viktig for å knytte sentrum og Kleppeloen meir saman.

Rådmannen fremmer med dette reguleringsplan for rundkøyning Solavegen - Jærhagen med tilhørende bestemmelser og planbeskrivelse, alle datert 14.09.2017 til 2. gongs behandling.

**Vedlegg:**

- Plankart, datert 14.09.17
- Bestemmelser, datert 14.09.17
- Planbeskrivelse, datert 14.09.17
- ROS-analyse
- Illustrasjon
- Kopi av 1. gongs behandling i hovudutval for lokal utvikling 24.10.2017, sak 82/17.

**Innstilling:**

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for lokal utvikling og kommunestyret med slik tilråding:

Klepp kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, reguleringsplan for rundkøyning Solavegen - Jærhagen med tilhørende bestemmelser og planbeskrivelse, alle datert 14.09.2017.

Rådmannen i Klepp 12.01.2018

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*